



Sunnfjord vassområde

Referat møte med synfaring i Dale, Fjaler kommune, 29.02.2016

Tid: måndag 29. februar 2016 kl. 09.45 – 14:00

Stad: Dale i Fjaler kommune. Kommunehuset – Nitterelva – Hatledalselva

Desse møtte:

Siren Skråmestø Juliussen – konsulent, kommuneplan

Connie Hovland – ingeniør, teknisk kontor

Johannes Folkestad – fagkonsulent, landbruk

Staffan Hjohlman – prosjektleiar, Sunnfjord vassområde, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Bakgrunn for møtet

På møte 11. november 2015 i prosjektgruppa til Sunnfjord vassområde (administrative kontaktpersonar frå kvar kommune), kom det fram ønske frå kommunane om å sette opp handlingsplan for vassområdet. Det var foreslått at prosjektleiar bistår kommunane med å sette opp innspel til handlingsplanen. Dette omfattar val og prioritering av tiltak og vassførekomstar i kommunen. Vassprøver (nye og systematisering av gamle – elv, innsjø, sjø, grunnvatn), synfaringar/møte med interesseorganisasjonar og frivillige organisasjonar, behov for å leige konsulent, konkrete tiltak, særleg i høve avløp og landbruk. Fjaler kommunar v/ Johannes Folkestad meldte ønske om møte med prosjektleiar, og involverte deltakarar frå kommunen innanfor fagområda landbruk og avløp.

Synfaring Nitterelva (vassførekomst ID 082-12-R)

Nitterelva (er registrert i vann-nett med moderat økologisk tilstand og påverknad av vandringshinder for fisk. Det er i vann-nett framlegg om tiltak på kommunale og fylkeskommunale vegkulvertar, samt problemkartlegging/kunnskapsinnhenting.



Nitterelva, nedanfor fylkesvegen.

(Foto: S Hjohlman)



Nitterelva, kulvert under fylkesvegen.

(Foto: S Hjohlman)



Sunnfjord vassområde

Synfaringa tok utgangspunkt i rapporten «Vurdering av kulverter og gyte- og oppvekstforhold i utvalgte bekker og sidevassdrag i Sogn og Fjordane 2012» (LFI Uni Miljø 2013, rapport nr 210: http://uni.no/media/manual_upload/LFI_210.pdf). Nitterelva er omtalt på faktaark nr 13 – 15 i rapporten, der fleire kulvertar er vurdert som vandringshinder, både under kommunal veg og fylkesveg. Det er føreslått tiltak i 3 kulvertar med å lage dyprenne og plassere ut steinar. I tillegg er det anbefalt å fjerne ei betongplate ved utløp av ein kulvert, noko som på synfaringa vart vurdert som eit forholdsvis enkelt tiltak. Elva har stort potensial for fiskeproduksjon ved tiltak.

Både fylkeskommunen og kommunen er vegstyresmakt og såleis ansvarlege for vurdering og gjennomføring av tiltak. Kommunen viste til at det i tillegg er problem med for liten slukeeve for ein ca 60 m lang kulvert under både kommunal og fylkekommunal veg, og eit næringsareal. Dette medfør flaumfare ved stor vassføring. Det kan såleis bli aktuelt med større utbetringar av denne kulverten.

Synfaring Hatledalselva

Hatledalselva inngår i vassførekomst Skadalselv, Torsetelv, 082-100-R. I vann-nett er det registrert moderat økologisk tilstand, og påverknad frå landbruksavrenning i ukjent grad. Det er også føreslått tilsyn og oppfølging av landbruk som tiltak. I tillegg er det registrert påverknad frå flomverk og forbyggingar, men berre i liten grad, noko som ikkje nødvendigvis kvalifiserer for tiltak. Kommunen opplyste om muleg påverknad i form av nedslamming frå betongingdustri. Kommunen opplyste at landbruket i nedbørsfeltet vert drive ekstensivt. Data finnest frå vassanalysar i 2004 og fleire år før det. Konsetrasjonane av næringsstoffa i 2003 og 2004 tilsvarte god eller svært god tilstand. Det bør takast nye prøver for å dokumentere tilstanden i tid.

Hatledalselva vart synfart frå Dale vidaregåande skule og ned til utløpet i Storelva. Det vart observert noko sediment/slam i elva enkelte stadar. Elva er forbygd i ei strekning ved barne- og ungdomsskulen. Det vart ikkje konkludert om tilstand eller påverknader.

Synfaring Storelva ved Dale (vassførekomst ID 082-198-R)

Eit overblikk over elva i den heilt nederste delen ved utløpet til Hatledalselva. Kommunen orienterte om planar for gravplass på den andre sida av elva.

Møte på kommunehuset

Prosjektleiar hadde enkel opplæring / orientering om internettsidene:

vann-nett.no

vann-nett.no/saksbehandler

vannmiljo.miljodirektoratet.no

vannportalen.no

Staffan Hjohlman
referent